

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Dato
LEIKANGER, 24.01.2019

Innspel til jordbruksforhandlingane 2019

Vi viser til tilskotsbrev på landbruks- og matområdet for 2018, der fylkeskommunane blei bedt om å kome med innspel til jordbruksforhandlingane for 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått innspel frå landbruksorganisasjonane i fylket, og frå fylkesmannen i Vestland.

Fylkesutvalet handsama saka i møte 23. januar 2019, og gjorde følgjande vedtak:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til jamn, stor og berekraftig verdiskaping i landbruket, som igjen fører til fleire arbeidsplassar i fylket. Gardsbruka i Sogn og Fjordane, og landet elles, må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar. Det må leggest til rette for betre økonomi på mindre og mellomstore einingar, og verkemidla må vere treffsikre slik at dei tek omsyn til lokale føresetnader.
2. Prioriteringar for 2019:
 - a. Det må utviklast betre ordningar for regulering av dei ulike produksjonane. Ordningane må differensierast slik at ein nyttar dei stadeigne ressursane på ein måte som sikrar høgast mogleg sjølvforsyningsgrad av landbruksprodukt.
 - b. Handlingsrommet for regional forvaltning av IBU-midlane (investering og bedriftsutvikling) må bli større.
 - c. Det er trong for verkemiddel for å stimulere til meir beiting i utmark.
 - d. Driftstilskot og husdyrtilskot bør prioriterast for dei første produksjonseiningane. Strukturtillegg for mjølkekyr må vidareførast, og styrkjast.
 - e. Det er bruk for verkemiddel for å styrke økonomien i ammeku-produksjonen for buskap opp til 20 ammekyr
 - f. Taket på investeringsstøtta bør hevast til 2,5 mill. kr og maksimal støttesats bør hevast til 40% for å stimulere til fornying av 15-30 kyrs fjøs.
 - g. Distrikts- og kvalitetstilskotet for produksjon av frukt og bær på Vestlandet må aukast
 - h. Det er trong for auka tilskot til grøfting, og at det vert same reglar for tilskot til grøfting som for tilskot til andre investeringar (35 % av godkjende kostnader). Det er også trong for ordningar som stimulerer til investeringar for vasskjelder til vatning
 - i. Det er viktig med gode ordningar for erstatning etter avlingssvikt. Tilskotsordninga med erstatning etter avlingssvikt må gjerast meir treffsikker for føretak som driv med husdyr. Dagens ordning er tilpassa dei som har moderate eller gjennomsnittlege avlingar, men fangar ikkje opp dei som har høge avlingar i normalår.
 - j. Det er trong for styrka jordvern og matberedskap, som også inkluderer å halda areal i drift.
3. Prioriteringar for 2019: Fylkeskommunen viser elles til innspela frå organisasjonane og Fylkesmannen.

Vi viser også til saksframstillinga i vedlegg.

Med helsing

Jan Heggheim
fylkesdirektør

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Saksprotokoll fylkesutvalsak 5/19 – Innspel til jordbruksforhandlingane 2019
Saksframlegg fylkesutvalsak 5/19 – Innspel til jordbruksforhandlingane 2019

Kopi til:

Hovudutval for næring og kultur
Fylkesmannen i Vestland
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane Bonde og Småbrukarlag